

## **Forslag til vedtak**

Fylkesutvalet i Hordaland vel «X» som representant, og «Y» som vararepresentant for Hordaland fylkeskommune i styringsgruppa for Regional plan for areal- og transport på Haugalandet.

### **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 17.03.2016**

**Sveinung Valle (A)** gjorde framlegg om Kjetil Hestad, A, som representant i styringsgruppa for Regional plan for areal- og transport på Haugalandet.

**Terje Søviknes (Frp)** gjorde framlegg om Sigbjørn Framnes, Frp, som vararepresentant.

### **Røysting**

Fylkesrådmannen sitt forslag med Valle og Søviknes sine forslag vart samrøystes vedtekne.

### **Vedtak**

Fylkesutvalet i Hordaland vel Kjetil Hestad, A, som representant og Sigbjørn Framnes, Frp, som vararepresentant for Hordaland fylkeskommune i styringsgruppa for Regional plan for areal- og transport på Haugalandet.



Arkivnr: 2014/1512-40

Saksbehandlar: Hans-Christian Engum, Eva Katrine Taule

## Saksframlegg

### Saksgang

Utvål	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		17.03.2016

### Regional plan for areal- og transport på Haugalandet - status og vidare framdrift

#### Samandrag

"Regional plan for areal og transport på Haugalandet" er ein revisjon av "Fylkesdelplan for areal og transport på Haugalandet" frå 2004. Planområdet dekker dei ni kommunane Bokn, Haugesund, Karmøy, Sauda, Vindafjord, Tysvær, Utsira, Etne og Sveio. Planen må bli vedteken i begge fylkesting.

Regional plan for areal- og transport er koordinert med Rogaland fylkeskommune som har vore sekretariat i planarbeidet. Planen vart sendt på høyring frå begge fylkeskommunane i februar/mars 2015, jf FUV-sak 22/2015.

Planen vart fremma for begge fylkesting for endeleg vedtak i juni 2015. I Hordaland fylkesting, jf. PS-sak 38/2015. Planen vart vedteken i Hordaland fylkesting, mens Rogaland valte å utsette saka.

Rogaland fylkeskommune har heller ikkje i etterfølgjande fylkesting fatta vedtak av planen, men fylkesordførar i Rogaland har i eit brev til kommunane varsla at målet er vedtak i fylkestinget i juni 2016.

Fylkesordførar i Rogaland har invitert alle kommunane til å sitje i ei politisk styringsgruppe for å koordinere vidare arbeid. Her har Rogaland fylkeskommune valt inn 5 representantar. Fylkesrådmannen rår til at det vert oppnemnd politiske representantar frå Hordaland til å sitte i styringsgruppa som kan delta på møta 31. mars og 14. april og følge prosessen vidare fram mot endeleg vedtak.

#### Forslag til vedtak

1. Fylkesutvalet i Hordaland vel «X» som representant, og «Y» som vararepresentant for Hordaland fylkeskommune i styringsgruppa for Regional plan for areal- og transport på Haugalandet.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Bård Sandal  
fylkesdirektør regional utvikling

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.



## Fylkesrådmannen, 01.03.2016

### Bakgrunn

"Regional plan for areal og transport på Haugalandet" er ein revisjon av "Fylkesdelplan for areal og transport på Haugalandet" frå 2004. Planområdet dekker dei ni kommunane Bokn, Haugesund, Karmøy, Sauda, Vindafjord, Tysvær, Utsira, Etne og Sveio. Planen må bli vedteken i begge fylkesting.

Oppstart av planarbeidet vart vedteken av Fylkesutvalet i Hordaland 27.10.2010 og planen har vore forankra i regional planstrategi for Hordaland.

Regional plan for areal- og transport er koordinert med Rogaland fylkeskommune som har vore sekretariat i planarbeidet. Hordaland fylkeskommune har hatt representantar både i den politiske styringsgruppa og den administrative prosjektgruppa. Anita Garlid Johannesen representerte Hordaland i styringsgruppa.

I samsvar med planprogrammet, som vart vedteken i 2011, og på hovudstrategien «By og tettsted» frå konseptutgreiinga, vart det utarbeidd forslag til regional plan for Areal- og transport på Haugalandet. Planen vil legge til rette for ei utvikling som bygger opp om by-, tettstads- og grendesentre i alle deler av regionen.

Planen vil erstatte gjeldande fylkesdelplan for areal- og transport for Haugalandet frå 2004. Planen inneholder føresegner for handel som gjer at planen erstattar *Regional plan for attraktive senter* for kommunane Etne og Sveio.

Planen vart sendt på høyring frå begge fylkeskommunane i februar/mars 2015, jf FUV-sak 22/2015. På bakgrunn av høyringsinnspele vart det gjort endringar i planforslaget. Deretter ble kommunane gitt mogelegheit til å kommentere kva sentrale innspel dei meinte ikkje var godt nok ivaretatt (fellesmøte prosjektgruppe og styringsgruppe 30. april).

Saka vart fremma for begge fylkesting i juni 2015. I Hordaland fylkesting, jf. PS-sak 38/2015, vart planen vedteken med følgjande vedtak:

### Vedtak

1. Fylkestinget i Hordaland vedtek "Regional plan for areal og transport på Haugalandet" 11.05.2015 med følgjande endring:
  - a. Områda på Ekrane vest skal kunne utbyggjast som bustadområde (fase 3).
2. Fylkestinget delegerer til fylkesutvalet å gje samtykke til tiltak som kjem inn under regional føresegen for handel. Samtykke skal gjevest i samråd med Rogaland fylkeskommune, fylkesmennene og kommunar saka gjeld.
3. Fylkestinget set ned eit forhandlingsutval med Tom-Christer Nilsen (H), Terje Søviknes (FrP) og Steinung Valle (AP) til å koordinera siste del av plan- og vedtaksprosessen i Hordaland og Rogaland fylkeskommunar, m.a. vurdere Retningslinene 29-34 om landbrukseffektiv drift i kommunane Sveio og Etne."
4. Dersom vidare prosess resulterer i endringar som krev nye vedtak, vert vedtaksmynde delegert frå Hordaland fylkesting til fylkesutvalet så langt plan- og bygningslova gjev rom for dette.

Rogaland fylkesting vedtok ikkje planen i møtet i juni då følgjande vedtak vart fatta:

1. Fylkestinget er positiv til hovedgrepene i planen slik den ligger nå.
2. For å avklare planens harmonisering opp mot Hordaland fylkeskommune og få en bedre lokal forankring, ber fylkestinget om at planen endelig avgjøres i neste tingsete i inneværende valgperiode.
3. Styringsgruppen gis ansvar for den videre prosessen.

4. Fylkestinget setter ned et forhandlingsutvalg bestående av fylkeskommunens representanter i styringsgruppen, til å koordinere siste del av plan- og vedtaksprosessen i Hordaland og Rogaland fylkeskommuner.

Rogaland fylkeskommune har heller ikkje i etterfølgjande fylkesting fatta noko vedtak av planen, men har no bestemt seg for å opprette ei politisk styringsgruppe for å koordinere vidare arbeid opp mot vedtak i Rogaland fylkesting. Fylkesordførar i Rogaland har i eit brev til kommunane varsla at målet er vedtak i fylkestinget i juni 2016.

#### **Formell status**

Vedtaket i Hordaland har ikkje noko føresetnad om likelydande vedtak i Rogaland, og formelt sett er planen difor gjeldande for Hordalandskommunane. Når no Rogaland varslar vidare prosess er det likevel naturleg at Hordaland fylkeskommune går i dialog med Rogaland for å fatte samkøyte vedtak i dei to fylkestinga parallelt. Dersom vidare arbeid og prosess får som resultat at planen skal bli endra, er det viktig at desse endringane også er forankra i Hordaland fylkeskommune.

I vedtakspunkt nr. 4 i Hordaland fylkesting ønskjer fylkestinget å delegera vedtak av plan dersom vidare prosess medfører endringar. Fylkesrådmannen vil her presisere at plan- og bygningslova opnar ikkje for slik delegasjon av vedtaksmyndigheita, og eventuelle nye vedtak må fattast av fylkestinget.

#### **Framdrift**

Regionrådet på Haugalandet har tatt initiativ til at kommunane skal utarbeide eit felles innspel til endringar av det planforslaget som ligg i bordet. Dei har oppmoda Rogaland fylkeskommune om å få tid til dette. Dei to Hordalandskommunane Sveio og Etne er invitert inn i dette arbeidet.

Rogaland fylkeskommune har på si side antyda ein ambisjon om å få vedteken planen i juni 2016, men har likevel opna for vidare drøftinga og dialog med kommunane. Dei har valt ut fem medlemmer frå det nye fylkestinget til å sitte i ein styringsgruppe og inviterer no til møter i styringsgruppa 31. mars og 14. april. Gruppa er leia av fylkesordførar i Rogaland.

Avhengig av kor store endringar som blir gjort i planen, kan sluttbehandling gjerast gjennom:

1. Direkte vedtak i fylkestinga
2. Mindre endringar som ikkje gir krav om ny høyring.
3. Behov for 2. gangs høring (og konsekvensutgreiing).

#### **Tilråding**

Dersom ein fell ned på at planen ikkje vert endra i større grad så er det mogeleg at vedtaket i Hordaland fylkesting står seg reint formelt. Fylkesrådmannen vil likevel tilrå å saka vert handsama på nytt og forankra i nytt fylkesting. Dersom styringsgruppa fremjar endringar må planen uansett opp til nytt vedtak i Hordaland. Dersom vedtaket i Rogaland vert skyvd ytterlegare ut i tid, bør ein vurdere om vedtaket i Hordaland skal bli trekt tilbake slik at ein ikkje får ein langvarig situasjon med ulik planstatus på kvar side av fylkesgrensa.

Rogaland fylkeskommune riggar no ein prosess for å forankre planarbeidet i kommunane betre. Det er viktig at Hordaland fylkeskommune er med i vidare arbeid, både politisk og administrativt. Det vert tilrådd at det vert oppnemnd politiske representantar til å sitte i styringsgruppa og som kan delta på møter 31. mars og 14. april og følgje prosessen vidare fram mot endeleg vedtak.